



Statsforvaltaren i Vestland

ALSAKER BRYGGE AS
Flakkavågsvegen 12
5694 ONARHEIM

Vår dato: 14.05.2024
Vår ref: 2024/2380

Dykkar dato: 08.02.2024
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sondre Kaastad Sørsdal, 5557 2304

Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved gnr./bnr. 154/4 og 154/20 i Tysnes kommune for Alsaker Brygge AS.

Statsforvaltaren gir Alsaker Brygge AS løyve til utfylling av ca. 55 000 m³ massar i sjø ved 154/4 på Onarheim i Tysnes kommune.

Tiltaket skal ikkje skje i gyteperioden for fisk, frå februar til og med april. Siltgardin skal nyttast gjennom anleggsperioden for å hindre spreiing av finstoff frå sprengstein.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Vi viser til søknad motteken 8. februar 2024.

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve til utfylling i sjø til Alsaker Brygge AS. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyve er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.

Vedtak om gebyr for sakshandsaming


Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 7, 19 500 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Om tiltaket

Alsaker Brygge AS søker om løyve etter forureiningslova til utfylling av ca. 55 000 m³ steinmassar i sjø ved eigendomen 154/4 og 154/20 på Onarheim i Tysnes kommune. Tiltaket er i samsvar med



gjeldande reguleringsplan¹ for området. Planlagt oppstart utfylling er mai 2024 og forventa ferdigstilling i april 2025.




Figur 1 utfylling i sjø er vist med lilla farge. Kilde Kystinfo med reguleringsplanen inntegna

Steinmassane som skal nyttast til utfylling i sjø skal sprengast på land lokalt med elektroniske tennarar og skal fyllast i sjø med tippmaskin. Fyllinga vert avslutta med kai. Undervassprenging skal ikkje utførast. Djupne for utfylling er ned til minus 25 meter. Arbeida skal utførast utanom gyttesesongen for kysttorsk (februar til ut april) og med bruk av siltgardin.

Analyse av sediment frå tre prøvestasjonar innanfor og like utanfor planlagt sjøfylling, sjå figur 2, viser at sjøbotnen er lite forureina. To av tre prøver er ikkje forureina og ein prøve har nokre PAH komponentar i tilstandsklasse 3 og 4.

¹ Detaljregulering for industriområde Elsakervågen, Onarheim. Endelig godkjent av Kommunal- og distriktsdepartementet 7. mars 2023



Figur 2. Prøvestasjonar med sediment er market med blått kryss, prøvestasjon med hard blandingsbotn er markert med +/+

Området er skjerma grunna si lokalisering inst i Onarheimfjorden. Det er registrert naturtypen gytefelt for torsk med C-verdi og eit mindre gyteområdet «Elsakervågen gyteområde» i tiltaksområdet. Søkjar vurderer at tiltaket ikkje vil gje negativ verknad i høve til ytre miljø, anna enn ei kort avgrensa periode når sjølve fyllingsarbeida pågår. For å redusere den negative påverknaden som følgje av tiltaket skal det nyttast siltgardin rundt utfyllingsområdet.

Høyring

Søknaden vart sendt på høyring til Bergens sjøfartsmuseum, Fiskarlaget Vest, Tysnes kommune, Mattilsynet og Fiskeridirektoratet. Frist for å gje uttale var 26. april, men vart utsett til 8. mai 2024. Vi fekk følgande høyningsutsegn:

Tysnes kommune (30. april 2024)

Tysnes kommune stadfestar at søknaden er i samsvar med godkjent reguleringsplan.



Fiskeridirektoratet (3. april 2024)

Attgjeving av uttale:

«Fiskeri- og akvakulturinteresser

Fiskeridirektoratet har over tid registrert kystnære fiskeridata (bruks- og ressursområder for fiskeriinteressene). Registrerte områder kan ses i kartverktøyet vårt Yggdrasil. Kartløsningen inneholder også data om akvakultur og marint biologisk mangfold.

I tiltaksområdet er det registrert gytefelt og gyteområde for torsk, samt en låssettingsplass. Låssettingsplassen er lite brukt de seneste årene. Nærmeste akvakulturanlegg er landbasert. I forbindelse med utarbeiding av reguleringsplan for området ble det funnet noe tareskog i området.

Vurdering

Fiskeridirektoratet vurderer at de avbøtende tiltakene som er beskrevet i søknaden vil redusere risikoen for negativ påvirkning på marint liv og ressursgrunnlaget for fiskeri. Vi ber om at tiltakene settes som vilkår i en eventuell tillatelse. Lokalt fiskarlag bør varsles for å unngå at det er fisk i løs i nærheten på tidspunktet for utfylling. Utover dette har vi ingen merknader til søknaden.»

Mattilsynet (13. mai 2024)

«Mattilsynet sine merknadar

Omsyn til fiskehelse og fiskevelferd

Mattilsynet har forvaltningsansvar for å vareta god velferd hos fisk og tifotkreps og fremje god helse hos akvakulturdyr og andre akvatiske dyr. (Jf. Forskrift om omsetning av akvakulturdyr og produkter av akvakulturdyr, forebygging og bekjempelse av smittsomme sykdommer hos akvatiske dyr FOR-2008-06-17-819 og Forskrift om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskriften) FOR-2008-06-17-822).

Mattilsynet peiker på at det er særleg plikt til aktsemd med tanke på å førebygge og forhindre risiko for spreiling av smittsame sjukdommar til dyr, medrekna akvatiske dyr. Dyrevelferdslova seier at dyr, inkludert akvatiske dyr, skal behandlast godt og beskyttast mot fare for unødige påkjenningar og belastingar.


Om uttala:

Uttala gjeld kva for effekt planlagt utfylling vil kunne ha på akvakultur i området og på viltlevande laksefisk. Området for utfylling ligg i ei bukt inst i Onarheimsfjorden. Denne fjorden er ein del av fjordsystemet i Hardangerfjorden. Det er ikkje nasjonal laksefjord eller nasjonale laksevassdrag i nærleiken, men området er ut - og innvandringsroute for vill laksefisk. Det er fleire oppdrettsanlegg i området.

Akvakulturanlegg i området:

Lokalitet 29936 Ystadneset ligg om lag 9,5 km nordaust for planlagt utfylling, og lokalitet 12108 Skorpo NV ligg om lag 11,5 km aust. Desse lokalitetane vil truleg bli påverka i mindre grad.

Nærmeste lokalitet i sjø er 10136 Onarøy (diverse aktørar) som ligg om lag 3 km frå planlagt utfylling. I tillegg ligg det ein lokalitet i umiddelbar nærleik på land: 10323 Onarheim (bergylt og rognkjeks) tilhøyrande Onarheim Bruk AS. Sjå biletet under frå Barentswatch.no:



Effekt av sprenging og undervasstøy på oppdrettsfisk:

Lyd og trykkbølgjer kan bere langt under vatn. Det er ingen tvil om at slike effekta skremmer fisk. Vi har ingen data på kva for avstand som er stor nok til ikkje å ha slik effekt på fisk. Trykkbølgjer må vi anta at kan drepe fisk i umiddelbar nærleik, mens det truleg vil vere slik at fisk i eit område rundt også kan ta skade av trykkbølgjer. Fisk er sensitive for trykkforandringar og har organ som kan registrere slikt på ein annan måte enn landdyr kan.

Mens viltlevande fisk kan reagere på skremmende stimuli ved å trekke unna og såleis redusere fare for fleire skremmestimuli, er fisk i oppdrettsanlegg bundne til å bli der dei er. Fisk innestengt i merd kan få panikkreaksjonar som gjer at dei klemmer seg saman i botnen av notposen, eller rasar inn i notveggen. Slike panikkreaksjonar har vi sett eksempel på ved høge lydpåverkingar, lysblink eller angrep frå predatorar som skarv, sel, oter og niser. Panikkreaksjonar i merd er uønskte då dei kan gi både stor dødelegheit og omfattande skadar på fiskane. Skremmende stimuli for oppdrettsfisk utgjer derfor ei velferdsmessig utfordring.

Effekt av partikkelspreiing på oppdrettsfisk:

Sprenging og frislepp av partiklar frå steinmassar gir høg partikkeltettleik i vatnet. Slike partiklar kan irritere gjellene på fisk med påfølgjande auka slimproduksjon. Mykje slim på gjellene vil gi nedsett evne til å ta opp oksygen, og fisken vil kunne lide under dette. Det er truleg at skaden ikke blir så omfattande at fiskane vil dø då det vil vere betydeleg fortynningseffekt frå tiltaksstedet, men stress og nedsett føropptak/ redusert vekst er sannsynlege reaksjonar etter ei slik påverking. Dette fører til redusert velferd. Tilførsel av partikulært vatn vil avhenge av avstand, hovudstraumbilete, månefasar, vind m.m.

Det går fram av søknaden at det ikkje vil bli gjennomført sprenging under vatn, noko som vil minske påverknad på lokalitetane i området. Tiltakshavar skriv at utfyllinga blir avslutta med ein kai. Vidare står det at massane er lokale og ikkje ureina og at tiltaket ikkje er vurdert til å gi negativ verknad på ytre miljø anna enn i sjølve perioden for fyllingsarbeida. Det står at det er planlagt visuell overvaking under fyllingsarbeida og at ein skal nytte siltgardin. Resipientanalyse AS har gjennomført ei risikovurdering og den viste at sjøsediment innanfor og utanfor planlagt sjøfylling og sjøbotn er lite forureina i dag.



Mattilsynet vurderer at fiskane som står på lokalitet Onarøy vil kunne bli påverka av omsøkt tiltak i nokon grad, men det er vanskeleg å anslå påverkingssgraden. Den største effekten vil mest sannsynleg vere trykkbølgjer og lyd frå boring, sprenging og dumping av steinmassar som kan gi skremseffekt. Graden av påverking frå partikulært materiale er det vanskelegare å seie noko om. På lokaliteten Onarøy vart det sett ut fisk vinter 2022, og lokaliteten var tom hausten 2023. Det vil vere fisk på Onarøy under anleggsfasen. Korleis tiltaket vil påverke landanleggset på Onarheim er vi meir usikre på. Sannsynlegvis vil det kunne oppstå kortvarig vibrasjon i bakken som kan påverke fiskane til ein viss grad. Mattilsynet ventar at tiltakshavar, som er i same konsern som innehavar av 10323 Onarheim, har vurdert eventuell påverking av inntaksvatnet til landanlegget.

Det vil vere viktig å ha god dialog med dei som driv landanleggset og sjølokaliteten Onarøy ved oppstart og gjennomføring av tiltaket, og straks varsle dei ved hendingar ut over det som er venta og som ein vurderer kan påverke oppdrettsanlegga. Det er i planen lagt opp til avbøtande tiltak som visuell overvaking og bruk av siltgardin.

Viltlevende laksefisk:

Det er både villaks og sjøaure i fjorden. Sjøauren er sårbar i gyteperioden, og smolten er sårbar under utvandring i mai-juni. Både sprenging og partikkelspreiing vil kunne ha ein negativ effekt på viltlevande laksefisk i likskap med oppdrettsfisk.

Mattilsynet ventar at tiltaket tek omsyn til akvakulturverksem og villfisk i området. Utover dette har vi ikkje ytterlegare kommentarar på noverande tidspunkt.»

Tiltakshavars kommentarar til uttale (13. mai 2024)

Attgjeving av uttale:

«Lokalitet Onarøy har utsett 1. juni, og sprenging råkar ikkje lokaliteten.

Reguleringsplanen tek omsyn til villfisk, der utfylling ikkje kan skje i perioda feb-april.

Det er ikkje lakseførande elver på Onarheim. Me finn at villfisk ikkje vert påført uakseptabel risiko.»

Rettsleg grunngjeving for løyve

Forureiningslova

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i § 8 eller tiltaket har løyve etter § 11.

Arbeid i sjø frå land er mellombels anleggsarbeid og er som hovudregel lovleg utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3, når forureininga frå anleggsarbeidet er "vanleg". Utfylling som bidreg til å spreie finstoff som kan påverke fiskeinteresser, trua artar, marine naturtypar eller bidra til plastforureining, er ikkje vanleg forureining og tiltaket må ha løyve. Statsforvaltaren finn at utfylling i dette tiltaket krev løyve etter lovas § 11, med vilkår for utføring etter § 16.



Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemد, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og umeper tiltaket elles vil kunne føre til, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 *Handtering av sediment* i vår vurdering av saka.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndighetsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjelder som rører ved naturmangfald.

Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta inneholder forpliktande miljømål om at myndighetene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelige planer etter plan- og bygningslova. Tyns kommune stadfestar at omsøkte tiltak er i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta.

Grunngjeving for valde vilkår og krav

Utfylling i sjø vil kunne medføre spreiling av partiklar som kan ha negative effektar på naturverdiar. Det kan blakke vatnet og nedslamme omkringliggende sjøareal, og partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, skaldyr, og marint naturmiljø. Det er registrert eit gyteområde for torsk med C-verdi i tiltaks- og influensområdet.

Det vil være mellombelse effektar på områda rundt utfyllinga, særleg i anleggsperioden. Utfylling av masser i sjø vil føre til oppvirving av finpartikulært materiale som kan verte spreidd i eit større område. Dersom sedimenta i tiltaksområdet er forureina, kan også forureining verte spreidd. I dette tilfellet er sedimenta lite forureina, og i hovudsak silt, sand og grus.

Fiskeridirektoratet skriv i sin uttale at dei skildra avbøtande tiltaka vil redusere risikoene for negativ påverknad på gytefeltet. Fiskeridirektoratet vurderer at utfyllinga ikkje vil påverke omkringliggende miljø og interesser i vesentleg grad så lenge tiltaket gjennomførast utanom gyteperioden for torsk og med bruk av dei avbøtande tiltaka skildra i søknaden. Mattilsynet skriv i sin uttale at det vil vere viktig å ha god dialog med dei som driv landanlegget og sjølokaliteten Onarøy ved oppstart og gjennomføring av tiltaket, og straks varsle dei ved hendingar ut over det som er venta og som ein vurderer kan påverke oppdrettsanlegga. Vi tek inn dette som eit vilkår i løyvet.



Tiltakets avgrensa omfang og varigheit gjer at Statsforvaltaren vurderer risikoene for naturmiljøet når det kjem til spreiling av partiklar og trykkbølger frå undervassprenging som akseptabelt, så lenge arbeida skjer slik som skildra i søknaden og etter vilkår i dette løyet.

Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

I samband med utarbeidning av søknad om løyve etter forureiningslova er det henta inn informasjon om moglege forureiningskjelder i området og det er henta inn informasjon om viktige natur- og fiskeriinteresser i området frå databasar via Kystinfo.no.

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak. Dersom det er naudsynt med driftsstans på anlegget for å unngå uakseptabel grad av forureining som følgje av anleggsvirksemada, vil denne meirkostnaden også reknaust som i samsvar med NML § 11. Vi krev også at det skal nyttast dei beste mogleg tekniske løysingane som ut frå ei kost/nytte-vurdering gjev best mogleg resultat for miljøet, jf. NML § 12. Elles viser vi til våre vurderingar og grunngjevingar ovanfor under punktet kalla *Grunngjeving for valde vilkår og krav*.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er mogelegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i recipienten vil bli gjenopprettet når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre til at miljømåla ikkje vert nådde, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Vedtak om løyve etter forureiningslova og forureiningsforskrifta til utfylling i sjø

Statsforvaltaren gjev løyve etter forureiningslova § 11 med vilkår etter lovas § 16. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamfört med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrollova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no.

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet.

Endring og omgjering

Vi vil påpeke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege



kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekke løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrollova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontollova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjord. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebrysats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngitt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Sondre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1

Løyvets vilkår



Kopi til:

Tysnes kommune
Fiskeridirektoratet
Mattilsynet
Bergens Sjøfartsmuseum
Alsaker Brygge AS

Rådhuset	5685	UGGDAL
Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL



Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved gnr./bnr. 154/4 og 154/20 i Tysnes kommune for Alsaker Brygge AS.

Statsforvaltaren gir Alsaker Brygge AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 8. februar 2024 og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betydning, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventa oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak . Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

Bedrift	Alsaker Brygge AS
Postadresse	Flakkavågsvegen 12, 5694 Onarheim
Kommune og fylke	Tysnes, Vestland
Organisasjonsnummer/ eigm av	982 652 758, tilhørar 967 969 818

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2024.0404.T	4616.0058.01	2024/2380

Løyve gitt første gong: 14. mai 2024	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Magne Nesse senioringeniør	Sondre Kaastad Sørsdal rådgjevar	

Dokumentet er godkjent elektronisk

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar



Innhald

1	Rammevilkår	3
1.1	Omfang.....	3
1.2	Varsel om oppstart.....	3
2	Generelle vilkår.....	3
2.1	Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg.....	3
2.2	Plikt til førebyggjande vedlikehald	3
2.3	Tiltak ved auka forureiningsfare	3
2.4	Miljørisikovurdering av anleggsarbeida	3
2.5	Ansvar.....	4
2.6	Erstatningsansvar.....	4
2.7	Kulturminne i sjø	4
2.8	Aktsemd ovanfor framande organismar.....	4
2.9	Sakshandsaming etter anna lovverk.....	4
3	Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining	4
3.1	Internkontroll.....	4
3.2	Beredskapsplan.....	5
3.3	Varsling om akutt forureining.....	5
4	Vilkår for utføring av tiltak i sjø.....	5
4.1	Generelt.....	5
4.2	Partikkelsperre	5
4.3	Kontroll av utfyllingsmassar	6
5	Kontroll- og overvakning	6
5.1	Plan for kontroll og overvakning	6
6	Avfall	6
6.1	Generelle krav.....	6
6.2	Handtering av farleg avfall	6
6.3	Plast	7
7	Rapportering og dokumentasjon	7
	• Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.....	7
8	Tilsyn	7



1 Rammevilkår

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå utfylling i sjø på gnr./bnr. 154/4 og 154/20 i Tysnes kommune.

Tiltaket i sjø omfattar utfylling av ca. 55 000 m³ massar over eit areal på ca. 6 850 m². Utfyllinga vil skje frå land.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 8. februar 2024 og tilleggsopplysningar i saka med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet seinast ei veke før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

2.4 Miljørisikovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljørisikovurderingane som er utførd i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.



Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.7 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresagnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.8 Aktsemd ovanfor framande organismar

Vestland fylke har gjennom dei siste årene registrert ein auking i observasjonar av fremmedarten japansk sjøpong, allment kjent som Havnespy. Denne arten har stort invasjonspotensiale, og høg økologisk effekt. Det er ingen kjente observasjonar i tiltaksområdet, men arten er observert fleire stader i fylket. Statsforvaltaren minner derfor om plikta til aktsemd i medhald til forskrift om framande organismar § 18. I den står det at den som iverksetter tiltak som kan medføre utilsikta spreiling av fremmilde organismar i miljøet skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følger for det biologiske mangfaldet. Frå § 18 del a og b vises det til at tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneberer, kunnskap til å treffe forebyggande tiltak og kunnskap til å raskt avdekke utilsikta spreiling av framande organismar.

2.9 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet fritek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta¹. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet,

¹ Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)



forureiningslova, produktkontrollova² og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsysteem i tråd med løvvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemrd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan innfore. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

4 Vilkår for utføring av tiltak i sjø

4.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein måte som minimerer spreing av partiklar og tilslamming av vassmassane. Dersom det oppstår utilsikta forureiningssituasjonar skal arbeidet stanses og korrigrande tiltak gjennomførast.

4.2 Partikkelsperre og tidsavgrensing

Av omsyn til gyte- og oppvekstperiode for torsk i tiltaksområde og naturinteressar i området, skal utfyllingsarbeid ikkje skje i perioden frå februar til og med april.

Som avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining og spreing av finstoff til vassførekomen ved utfylling skal det nyttast ei eller om nødvendig fleire siltgardiner. Det skal nyttast siltgardiner som er eigna for tilhøva ved tiltaksområdet, sjå fagrappo³ frå Statens vegvesen.

Ved val av siltgardiner må straum- og vêrtihøve, botn- og djupnetihøva på staden leggjast til grunn for prosjektering av flytelegeme og vekt på lodd/botnfester. Det kan nyttast fritthengande siltgardin

² Produktkontollova av 11.06.1979 nr 79

³ Siltgardiner: funksjon, tilpasning og oppfølging. Rapport nr. 205 - 2013



grunna tiltakets art, då Stein frå utfyllingsarbeidet kan rulle over forankring og øydelegge siltgardina/ene.

Det skal først jamleg kontroll med at siltgardinene fungerer etter hensikta. Dersom siltgardinene ikkje lenger fungerer skal dei reparerast eller bli bytta ut. Arbeid/utfylling i sjø skal ikkje skje når siltgardinene ikkje fungerer.

4.3 Kontroll av utfyllingsmassar

For utfyllinga skal det nyttast mest mogeleg reine massar. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt i sjøen. Innhold av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen.

4.4 Kontakt med fiskarlag og oppdrettsanlegg

Det må opprettast kontakt med Sør-Norges Fiskarlag for å forsikre seg om at det ikkje er låssett fisk i nærliggande låssetjingsplassar. Det skal vere dialog med dei som driv sjølokaliteten 10136 ONARØY ved oppstart og gjennomføring av tiltaket. Hendingar ut over det som er venta og som kan påverke oppdrettsanlegget skal varslast.

5 Kontroll- og overvaking

5.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvakingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreiing av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreiing av partiklar og plast. Kontroll- og overvakingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Kontroll- og overvakingsplanen skal sikre at vilkåra i løvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar for handtering av sediment M-350/2015. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje norsk standard. Den ferdige kontroll- og overvakingsplanen sendes til Statsforvaltaren i forkant av anleggsstart.

6 Avfall

6.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følge av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Kystverket pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

6.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje



blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast videre til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarering.no.

6.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvakning og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvakingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsområdet.

Miljødirektoratet sitt faktaark⁴ M-1085 | 2018 kan nyttast som ein rettleier.

7 Rapportering og dokumentasjon

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan 8 veker etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde:

- Skildring av gjennomføringa av tiltaka
- Oversikt over uønskte hendingar, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

8 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

⁴ Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018